



1133 HJELMELAND KOMMUNE BULYSTPROSJEKT 12242043

## FRÅ INNVANDRAR til INNBYGGJAR – SLUTTRAPPORT



PROSJEKTANSVARLEG: HJELMELAND KOMMUNE

PROSJEKTNAMN: «FRÅ INNVANDRAR TIL INNBYGGJAR»

Gjennomført med støtte frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, Ryfylkefondet og Rogaland fylkeskommune

Lokale bedriftspartnarar: Hjelmeland vekst, Marine Harvest, K-Plast, Mikals Laks, Hjelmeland bondelag, Hjelmeland avløyssarlag

## INNLEIING

Hjelmeland kommune har dei siste ti åra merka ei stor auke i tal innvandrarak, særleg arbeidsinnvandrarak frå EU/EØS. Kommunestyret reviderte kommuneplanen i 2011, og i etterkant av dette valde ein å søkja om bulystmidler til eit prosjekt «Innvandrar til innbyggjar» i lag med utvalde partnarar frå næringslivet. . Sommaren 2012 fekk ein tilsagn frå Kommunal og moderniseringsdepartementet om 50% tilskot, oppad avgrensa til 1,2 mill til prosjektet. Ein fekk også tilsagn om 0,4 mill frå Ryfylkefondet, og la inn 0,8 mill i eigenfinansiering frå kommune og partnarar. Prosjektperioden starta i september 2012 og vert avslutta i september 2015.

Det vert elles vist til kommunen sin søknad av 5.3.2012, og til Kommunal og regionaldepartementet sitt tilsagnsbrev av 2.7.2012.

## ORGANISERING

Formannskapet vedtok prosjektet og organisering ved fsak 131/12 4.9.12. Formannskapet vart styringsgruppe, og det vart oppnemnd ei administrativ prosjektgruppe der dåverande kommunesjef, seinare plan og forvaltningssjef Haldis Karine Nilsen, vart prosjektkoordinator. Med i prosjektgruppa vart Geir Ims/Hjelmeland vekst, Åsmund Sigmundstad/Hjelmeland frivilligsentral og prosjektleiar for bulystprosjektet «Hjelmeland 24/7», Kristin Kostøl Helgeland/leiande helsesystem, Svanhild Hjorteland/NAV og Anita Heggebø/kommunalsjef oppvekst. Det har vore nokre endringar ved personskifte i stillingane som inngår i prosjektgruppa i løpet av dei tre åra, så Anita Riskedal (NAV), Sjur Atle Kleppa (oppvekst) og Sigrun Kleppa (oppvekst) har også vore med i perioder.

I samband med delprosjekt norskundervisning, har det vore ei eiga arbeidsgruppe med tre bedriftsrepresentantar: Astrid Sande/marine Harvest, Odd Magne Sandanger (K-plast) og Astrid Fosså Viga (Mikals laks). I starten vart Geir Ims frå Hjelmeland vekst med. Her har også Eva Kristin Aune frå Strand vidaregåande skule vore med.

Ordførar og leiar i styringsgruppa i heile prosjektperioden har vore Trine Danielsen.

### Forankring av prosjektet:

a)styringsgruppe: X

b)Forankring i befolkningen: X

c)Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt:X



Formannskapet i kommunen har fått årlege rapportar, og det er orientert i kommunestyret ved eit høve. Tema i prosjektet er forankra i kommuneplan for Hjelmeland kap 3.1: Barn og unge, 3.3:Næringsutvikling, 4.1: Oppvekst, 4.2: Omsorg og levekår, 4.3: Folkehelse, 4.5: Fleirkulturelt samfunn, 4.9: Likestilling og diskriminering.

#### MÅL OG DELMÅL I PROSJEKTET. I KVA GRAD HAR PROSJEKTET NÅDD SINE MÅL?

I **prosjektperioden** har innbyggjartalet har gått ned med 39 personar (1.10.2012: 2806, 1.4.2015: 2771). Andel innvandrarar har auka frå 13,9% i 2011 til 17,3% i 2015.

I det daglege arbeidet har prosjektet i hovudsak konsentrert seg om arbeidsinnvandrarar, ikkje flyktningar.

Det er definert to mål for heile prosjektet;

1. Næringslivet må bli flinkare med integrering av innvandrarar i arbeid og sosiale aktivitetar
2. Kommunen skal utvikla verkty og informasjon tilpassa nye målgrupper

#### Måloppnåing pkt 1:

Me har opplevd god dialog med næringslivet særleg i startfasen av prosjektet, også opplevd at dei har vore pådrivarar for betre integrering. Næringslivet har blitt meir involvert i norskopplæring for arbeidsinnvandrarar. Det er blitt betre nettverk mellom bedrifter i høve til dette spørsmålet, og betre kontakt mellom kommune og bedrifter. Kommunen har også ei side som bedrift, og det er blitt større fokus på våre egne tilsette med innvandrarbakgrunn. Me ser likevel at det er avgrensa kor mykje det offentlege kan og bør forventast av bedriftene, som ikkje har den same samfunnsaktørrolla som kommunen. Det er enklare å involvera bedrifter i konkrete delprosjekt, som td norskundervisning, enn i prosjektet som heilskap. Me har erfart at det er lurt å involvera bedriftsleiing og representant for arbeidsinnvandrarar i bedriften samstundes. Me ser også at det er vanskeleg å få nok merksemd for problemstillinga når både bedrifter og kommune slit i økonomiske nedgangstider. Me merka at det var noko vanskelegare å halda oppe bedriftskontakten då Hjelmeland vektst vart avvikla i 2013.

Det har vore ei sterk auke i andel innvandrarak i kommunen i perioden, og me opplever nok at fleire vert meir merksame på omfanget.

### Måloppnåing pkt 2

Det har blitt jobba mykje med ulike typar verkty, og noko har lukkast betre enn andre. Det er ei utfordring å få systematikk i verktøybruken, slik at ein får varige rutineendringar. I det kommunale systemet ser me at det er nokre einingar som har vore flinkare på omlegging enn andre, vil her framheva biblioteket og helsestasjonen. Biblioteket har m.a. omsett informasjon til fleire språk, har gjennomført kulturkveldar, har laga utstilling om «Me som bur i Hjelmeland» med ulike nasjonalitetar og har sytt for eit breiare utval av litteratur på fleire språk. Helsestasjonen har også vore proaktiv og fått informert om dette med ulike vaksiner, og har fått noko meir direkte kontakt mot bedriftene enn før. Frivilligsentralen er ein pådrivar i høve til integreringsarbeidet.

Når det gjeld sentraladministrasjonen, omsorg og oppvekst har det vore tyngre å få til endringar i måten å jobba på. Det er teke grep med oversetting av ein del sentrale rutinar for td. barnehageopptak og ordensreglar, men det er ikkje blitt noko systematikk for andre språk på heimesida. Kommunen er blitt aktiv i høve til satsing på folkehelse, og innafor dette temaområdet ser me at det er felles interesser med prosjektet sine oppgåver også framover. Truleg vil det vera via denne kanalen ein vil kunne halda fokus på ei heilskapleg satsing framover.

Det er arbeidd mykje med norskopplæring, og prøvd ut ulike modellar. Då me i prosjektperioden har hatt tre forskjellige oppvekstsjefar, har det vore vanskeleg å få god nok kontinuitet i satsinga. Heldigvis har me no fått etablert eit opplegg som ser ut til å kunne fungera.

### **DELMÅL 1: ICDP-KURS FOR INNVANDRARAR**

Målet er nådd. Kommunen har fått utdanna instruktørar, og har gjennomført fleire kurs. Det er eksperimentert med kurs for reine nasjonsgrupper, og blanda grupper. Positiv røynsle.

### **DELMÅL 2: ETABLERER INNVANDRARFORUM**

Målet er ikkje nådd i den form me fyrst såg for oss, som eit slags politisk råd. Det har vore vanskeleg å nå store grupper på ein gong, og det har vore vanskeleg å finna fellesnemnarar mellom mange nasjonar. I staden har me lagt vinn på å involvera innvandrarak i det arbeidet me har helde på med, særleg gjennom nettverket til frivilligsentralen. Dette har fungert positivt.

Det har vore arbeidd med større faste arrangement som «tilflyttardag» og «frivilligtorg», og i samband med dette er det lagt ekstra vinn på å få med innvandrargruppene. Når det gjaldt den fyrste tilflyttardagen gjekk me kanskje for langt i å «spesialinvitera» innvandrargruppa, slik at mange av dei

«norske» tilflytтарane trudde at arrangementet ikkje gjaldt for dei. Og det var jo ikkje meininga.



### **DELMÅL 3: INTRODUKSJONSKURS FOR INNVANDRARAR**

Delvis nådd, delvis slått i saman med satsinga på norskopplæring. Me har oppnådd samarbeid med skattetaten om informasjonskveldar på litausk og polsk (bilde nede til høgre), som er dei to største innvandrargruppene i kommunen. Så ha me lagt vinn på å dra samfunnskunnskap, her også lokalkunnskap, inn i norskundervisninga. Samarbeid med bedriftene om kunngjering av lokale arrangement delvis utprøvd. Det er også lagt vinn på å få innvandrarane med i friviljug arbeid, m.a. gjennom deltaking på «Friviljug torg». Her var både eigne innvandrarorganisasjonar som «Litauisk foreining» på fylkesnivå, og lokalt initierte initiativ som den nye kickboksarklubben som polske innvandrarar står bak (bildet under).



### **DELMÅL 4: PROSJEKTGRUPPA**

Målet er nådd. Det har vore etablert ei tverretatleg prosjektgruppe som har gitt innsyn på tvers og godt samarbeidsklima. Det var eit sakn då Hjelmeland vekst vart avvikla i prosjektperioden, og me mista den mest direkte linken til bedriftene. Det har også vore ei utfordring med mykje personskifte i enkelte av rollene. Tettast samarbeid har det vore mellom prosjektkoordinator, Frivilligsentral og helsestasjon. Delar av prosjektgruppa har representert kommunen på ulike samlingar. Me har hatt god kontakt med Distriktssenteret i Sogndal, men har etterlyst kontakt og oppfølging frå fylkeskommunen.

Prosjektkoordinator har gjennomført Samplan (Kommunaldepartementet og KS si etterutdanning innafor samfunnsplanlegging) i prosjektperioden (2012-13), og har hatt god nytte av prosjektet inn i Samplan, og av Samplan inn i prosjektet. Ho har også delteke på andre relevante konferansar der dette tema er berørt, som «Vestlandsk vidsyn» i Rogaland og «Kommuneplankonferansen» i Hedmark, begge i 2014.

Andre frå prosjektgruppa har vore med på nettverksamling for bulystprosjekt på Hitra/Frøya.

## DELMÅL 5: RESSURSKARTLEGGING

Delvis nådd. Me kom godt i gong i starten då Hjelmeland vekst var aktivt med og aktiv også ute i bedriftene. Så vart den verksemda avvikla av andre årsaker, og me har leita litt med å finna formen. Det er arbeidd ein god del med ulike spørjeskjema som ikkje har blitt utprøvd enno. Det er utfordringar knytt til datatryggleik og kva ein skal nytta informasjonen ein eventuelt får inn. Det er også utfordringar knytt til språk og metode for innsamling av data.

I perioden er det gjennomført ei meir generell innbyggjarundersøking uavhengig av prosjektet, og informasjonen som er samla inn der er delvis relevant også i høve til dette tema.

Biblioteket har laga ei fotoutstilling kalla «Me som bur i Hjelmeland», som fokuserer på at me er ulike og at me er Hjelmelandbuar, og at alle har forventningar og kan bidra. Personar frå sju nasjonar – inkludert Norge – er presenterte. Denne vart opna med eit kulturarrangement der dei avbilda



personane var spesielt inviterte.

## **DELMÅL 6: UTVIKLA BETRE RUTINAR**

Delvis nådd. Det har skjedd mest innafør norskopplæring, bibliotek og helsestasjon. Frivilligsentralen har også gjennom arbeidet med eit anna bulystprosjekt og dette lagt vinn på å få med breiare grupper av befolkninga i aktivitetar. Det er arbeidd noko med det same innafør skule og barnehage også, men det har vore vanskeleg å få eit felles bilete av kva me held på med innafør dette temaområdet. Dette delprosjektet har ein del samanfallande moment med delprosjekt 7, dvs. utvikla fleispråkleg informasjon.

Det er utprøvd ordning med tilflyttardag, den fyrste i 2014 i samarbeid med m.a. dei politisk partia, og den siste i slutten av september 2015 i kombinasjon med frivillig torg. Her har ein hatt med lokale lag og partigrupper, og lagt vekt på ein type felles kulturinnslag som er lite avhengig av språkkunnskapar. Det er etablert språkkafe i samarbeid med bibliotek og friviljuge.



Me har hatt godt utbytte av besøk frå Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein, ved prosjektleiar der. Dei har liknande type bedrifter i nærmiljø, og me hadde ein runde med både bedrifter og kommunalt tilsette leiarar.

## **DELMÅL 7: UTVIKLA FLEISPRÅKLEG INFORMASJON**

Målet delvis nådd. Dette er eit felt der ein alltid kan bli betre. Det er eksperimentert med munnleg og skriftleg informasjon på fleire språk. Det er arrangert informasjonskveldar og kulturarrangement på litausk og polsk. Det er prøvd ut å gjera enkelte faste arrangement, som årleg kveld for kvinner i bygda, meir tilpassa eit breiare publikum. Det er oversett skriftleg informasjon om søknad i høve til barnehageopptak, SFO og språkopplæring. Det er oversett ein del viktig informasjonsskriv på ungdomsskulen: men me har ikkje fått etablert heimesida som den viktige, gjennomgåande, fleispråkeleg informasjonsposten. Dette skuldast m.a. ei planlagd omlegging av heimesida som enno ikkje har funne stad. Me har funne ut at jo meir kompleks informasjonen er som skal formidlast, jo meir viktig vert det å bruka det språket folk kan best. Me har også lagt vinn på å bruka profesjonelle tolkar når me skal oversetja noko som har levetid ut over nokre dagar. Det fungerer godt å senda og levera pr. mail.

Over tid har me erfart at det i mange samanhengar er nok å tilby engelsk alternativ i tillegg til norsk. Det er også viktig å informera meir detaljert om arrangement som frå gammalt av «har gått av seg sjølv». Kven er eit 17mai arrangement for? Denne hausten er det utgitt ein foldar med informasjon om fritidstilbod tilrettelagt for ein del engelsk tekst. Det er også laga og trykt opp «memory-spel» med bilete frå kjende stader i kommunen. Dette er delvis også nytta til utdeling ved arrangement.

## DELMÅL 8: UTVIKLA NORSKOPPLÆRINGA

Målet er hovudsakleg nådd. Det er etablert fast ordning med norskopplæring på kveldstid, etter utprøving i prosjektperioden. Det har vore utprøvd tre ulike opplegg for norskundervisning. Fyrste året var det gjennomført eit kveldskurs som vart lite vellukka fordi det var for stor spennvidde blant elevane, og fordi det var litt for mykje gjennomtrekk blant lærarane. Andre året vart det gjennomført eit meir omfattande bedriftsretta norskkurs i samarbeid med Strand vidaregåande skule, Hjelmeland vekst og tre utvalde verksemder. Dette ga mykje god erfaring, og fungerte bra, men var kostbart. Siste året har vaksenopplæringa stått for ny runde med kveldskurs, men her er gruppa meir jamn, og lærarkreftene både stabile og motiverte. Dette har fungert godt. Denne vinteren er plane å utvida med kurs for to nivå. Å leggja inn rikeleg med kunnskap om lokalsamfunnet i norskopplæringa har vore veldig nyttig. Og tett samarbeid med bedriftene har vore veldig meningsfylt. Ikkje minst gjeld det i rekrutteringsbiten.

Det er også utarbeidd betre informasjon om tilbodet på fleire språk.



## GENERELL REFLEKSJON

Me har opplevd at det har vore vanskeleg å dela prosjektet opp så mykje som me hadde sett for oss på førehand. Dei ulike delprosjekta glir over i kvarandre, og me må også tilpassa prosjektet til det som skjer rundt oss til ei kvar tid. På grunn av at ein har opplevd det som litt tungt å få prosjektet og utfordringane tilstrekkeleg forankra i heile kommuneorganisasjonen, var me glade då me fekk høve til å køyra eit dagseminar for leiargruppa i kommunen med fokus på mangfald våren 2014. Me har også jobba med å få grendeutval og organisasjonar på banen, og har prøvd å informera aktivt i fleire samanhengar faktaopplysningar om befolkninga. For mange har innvandrar litt for lenge vore synonymt med dei som er brune i fjeset. Det er eit heilt feil bilde. Over tid ser me at andre tek i bruk den same informasjonen, noko me opplever som positivt. I årsmeldinga frå kommunen 2014, vart fekk endeleg fakta om «Det nye Hjelmeland» ein fortent plass. I folkehelseplanen er dette eit viktig temaområde. Og slike fakta er også brukte av andre kommunale avdelingar ved søknad om nye



prosjekt utad. Dette gjeld m.a. på oppvekst som har fått lovnad å bli med på Fylkesmannen si satsing «Kompetanse for mangfald». Flyktningseksjonen har fått godkjent midlar til eit forprosjekt som går på dette med arbeidstrening for flyktningar og andre, i samarbeid med biblioteket.

Hjelmeland 5.11.2015

Haldis K.Nilsen

prosjektkoordinator